

Referat frå møtet i Foreldra sitt ArbeidsUtval/FAU

torsdag 21.februar

Tilstades: Ann Kristin, Kari, Vivian, Randi, Ann Kathrin, Johnny, Camilla, Elise, Laila.

Saker:

- **Temakveld**
 - Torsdag 14.03 frå klokka 18.00-20.00 med invitasjon til føresette, samt obligatorisk til elevar i 6. og 7. klasse.
 - Rektor sender ut invitasjon pr epost til føresette fredag 22.02.
 - FAU legg ut fellesinformasjon om temakvelden på dei ulike klassesidene.
 - Kløvheim og Leiknes Skule har vore i kontakt, skal vi evt. invitere/opne opp for at føresette frå dei andre skulane kan gå på kvarandre sine føredrag.
 - Ann Kathrin og Johnny tek ansvar for organiseringa (dei andre er i 17. mai komite). Deler oppgåver undervegs, via chat.
- **Gåver til elevane frå FAU**
 - Kortspel, brettspel, sjakk, Rubics-kube, bluetooth-høgtalar som ein t.d. kan bruke i gymsalen.
 - Ann Kristin og Laila handlar inn.
- **Val av representant til Utegruppa**
 - Unni Raknes har meldt seg til å fortsette i denne komiteen.
 - FAU bed om tilbakemelding for arbeidet.
- **17.mai**
 - Alle komiteane har møte i dag.
 - Spørsmål i samband med om ein har born i fleire klassar: Må ein stille i fleire komitear? Tek dette opp i dei ulike komitèane, og syr dette i hop.
- **Buss-situasjon**
 - Det var ei god «bussveke». Lærarane var kreative. Skyss stilte med buss.
 - Kan ein ha fast fokus på buss-opplæring om hausten ved skulestart?
 - Birgitte fortel meir i SMU

- **Økonomi**
 - Det er i dag 59 570 kr på konto.
 - Det har gått ut ein sum (Visma) frå kontoen til FAU, som ein ikkje kjenner til. Elise sjekkar ut.
 - Elise legg fram rekneskapet på neste møte.
- **Status bytte kort-dag**
 - Dette er klarert, frå skuleåret 2019/2020, vert kort dag torsdagar.
- **Skulegensar**
 - Elevrådet tek saka og vel logo.
 - FAU sjekkar opp på nettsida og vel kva genser vi skal gå for innanfor ein pris (max kr350/400kr). www.university.no
- **Bom/stengsel** ved veg opp til gymbygget. Mange som køyrer heilt opp til gymbygget ved henting/levering, men også på kveldstid. Kan vi samarbeide med Ungdomskulen og EIL?
 - Dette må opp i SMU
 - Johnny skriv ein e-post til teknisk i kommunen.
 - Randi tek det med fotballgruppa i EIL. Kan ein få ut ei felles oppfordring i EIL til at ein ikkje køyrer opp?
- **Byte frå 45min til 60min.bolkar i skulekvardagen.**
 - Praktiske argument:
 - UDIR oppgjer timetal i 60 min bolkar
 - Samkøyring med ungdomsskulen sin timeplan ved bruk av fellesrom, t.d. sløyd, mat og helse, gymsal
 - Pedagogiske argument:
 - Mange skular i landet har gått over. Det forelegg ingen forskning som viser konsekvenser av dette pr. i dag.
 - Større moglegheit til variasjon og bytte av aktivitet ved 60. min. Ved 45 min økter er det fortsatt for lenge å halde ein aktivitet, men ofte for kort til å få til to gode økter.
 - Færre fag, meir djupne, elevene ber færre bøker
 - Eit friminutt mindre – då kan dei andre friminutta vere lengre.
 - Johnny har vore i kontakt med fleire skular for å høyre om ulemper og fordeler.

- Det vil uansett ikkje vere hogd i stein, det vil bli evaluert.
 - Ann Kathrin fortel om positive erfaringar frå Leiknes som har endå lengre økter.
 - Johnny skriv eit informasjonsbrev til alle foreldra som informerer om dette.
- **Diverse**
 - Johnny bed FAU sjå på fotoforslag til komande haust.

Referent Laila Hindenes